

Den engasjerte mannen er både Gjekk bra. – Eg meiner det gjekk bra med meg i dag. Grunnen til at gjennom ein

SUNNMØRSPOSTEN
Mandag 11. februar 2013

KULTUR 3



Tangofestival i Ørsta/Volda

KULTUR 2



Debuterte på landslaget

SPORT 10

SUNNMØRSPOSTEN
Mandag 11. februar 2013

2

MANDAG

Sunnmørsposten

2 kultur&sport

11. februar 2013

smp.no

2 SUNNMØRSPOSTEN
Mandag 11. februar 2013

KULTUR



INSTRUKTØRAR var Ragnhild Førde og Guro Hustad Stugu.

Lost in the tango

■ Fylkets første tangofestival eit faktum

Ute var det ti minus – men innandørs søramerikansk glovarme.

TANGOFESTIVAL. Frå torsdag til

Tango dukka først opp på bordellane i Buenos Aires

MØRTEBOLLERUD

laurdag vart Møre og Romsdal sin aller første tangofestival arrangert i Volda/Ørsta, med konsertar på Mylna og Fugl Fønix – og nybyrjarkurs på «gymnasset». Blant tango-novisene fann vi parete Øyvind Festøy (30) og Anne Natvig (26) – han frå Volda og ho frå Drammen/Volda.

– Haha, nei tvert imot – det er heilt fullstendig umuleg, melder Øyvind like før andre nybyrjarokt.
– Ikkje så heilt enkelt, når

kropsbeherskelsen ikkje er på topp. Og så i høge hælar, smiler Anne.

Hoel litt feil. – Første gong de prøver å danse tango?
– Ja, om ein ser bort frå at vi prøvde litt heime. På cd-spelaren stod «Lost in the tango» med Jørn Hoel, men det spørs om det var rette type musikk...

– Gjev det meirsmak likevel?
– Ja, men neste dans kan kanskje bli i Buenos Aires, og ikkje på festsalen her på gymnaset.

Spørs om eg får med Øyvind, seier Anne.

– Ja, men då må det bli ein kombinasjon av tango, biff og raudvin, seier Øyvind.

Menn som varma opp. Idemakrarane bak Tangofestivalen i Volda var musikarane Øyvind Aspenes Robak frå Ørsta og Morten Bollerud frå Volda.

Organist, lærar og trekkspeltraktor Morten har skrivne bacheloroppgåve om tango.
– Dansen vart utvikla på bor-



NYBYRJARAR. Øyvind Festa og Anne Natvig på dansegolvet i festsalen på Volda vidaregåande skule. – Neste tango saman vert forhåpentlegvis i Buenos Aires, kommenterer Anne.

dellar i dei meir lugubre strøka i Buenos Aires på slutten av 1800-talet. Men dansa tango saman for å kome i stemming, avslører Bollerud.

– Så spreidde dansen seg til Europa via rike studentar som studerte her. I Paris rundt 1913 var det tangofeber, og då tok dei finare krinsar i Argentina til seg dansen igjen...

– Finnane elsker visst tango?
– Ja, finsk tango vert gjerne kalla trampetango. Men finnane

sjølve er veldig stolte av sin litt særreigne tango.

Tangomiljø. Han håper festivalen kan resultere i oppstart av ein tangoklubb i Volda/Ørsta.

– Det burde jo ikkje vere umuleg. Eid har eigen tangoklubb med band – «Tangentane», fortel Bollerud.

Han var glad for å ha fått eit par av landets fremste tangoinstruktørar til Volda, Ragnhild Førde og Guro Hustad Stugu.

– Og ikkje minst at vi fekk med Kåre Jostein Simonsen – ein av pionerane i Norge når det gjeld å spele det argentinske trekkspillet bandoneon. Opphavleg var dette eit tysk instrument, med tastatur så ulogisk plassert at det seiest ein må tenkje litt «schizofrent» for å meistrere det...

SVEIN NORDAL
smp@smp.no
KULTUR@SMP.NO

OLAV STANDAL TANGEN (FOTO)
kultur@smp.no

80-talrock og kimplikessorg i Ørsta